



Uskedalen Indremisjon startar nå ei opprusting av bedehuset. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Bedehuset i Uskedalen treng ut- og ombygging og det vil gå føre seg i to steg. Medlemmene i Uskedalen Indremisjon som møtte fram til ekstraordinært årsmøte fredag kveld var nesten samrøystes om dette og slutta seg til tilrådinga frå styret.

11 av medlemmene røysta for at eit kjøkentilbygg berekna til 385.500 kroner skal verta utsett til toalett-anlegget er gjort ferdig for 110.000 kroner. Berre ein gjekk inn for å gjennomføra baa steg i ein operasjon. Ein var imot all utbygging medan ei røyst var blank.

Toalettavdelinga skal pussast opp og renoverast og få varmvatn og handicapløysing. Sikringsskapet skal fornyast og tryggingstiltak av el-nettet gjennomførast samstundes og arbeidet vil truleg bli gjort til sommaren. Kjøkensteget som altså kjem seinare omfattar grovkjøken i eksisterande gong samt nytt tilbygg med eit bruttoareal på 24 kvadratmeter.

Tormod Myklebust uttala at ein her vil få lite for pengane og peika på at bedehuset også treng eit lager-rom. Han rosa styret for god tilrettlegging av saka.

Formann Jon Harald Kjærland trudde at folk vil støtte ei opprusting av bedehuset. Det blir mykje nytta av bygda. Ikkje minst går det føre seg mykje barnarbeid i huset og det blir nytta til musikkarrangement på grunn av sin gode akustikk. Til dømes blir avslutningskonserten til musikkskolen halde der. Det er ikkje minst viktig å få rusta opp toalettanlegget.

- Og hvis vi kan klare å gjennomføra dette første byggesteget utan å ta opp lån er vi godt i gang, sa Kjærland. Han peika på at dei som står føre bedehuset ikkje er så mange og har begrensa ressursar til dugnadsinnsats. I 1999 og 2000 vart det samla inn 25.000 kroner på bedehuset og i bygda. No er det nærliggande å starta ei ny innsamling. Det vil og bli søkt om stønad frå kommunen, banken og andre. Fast givarteneste med skattefradrag blir og trukke fram som ei mogleg finansieringskjelde.

Uskedalen Indremisjon har no knapt 50.000 kroner i banken, men det vart sagt under møtet at ein treng denne summen til den daglege drifta. Rekneskapan for dei tre siste åra syner eit 'overskot' på 24.628, 12.753 kroner og 6.400 kroner, men første året fekk dei 20.000 kroner frå Uskedalen Helselag.

Av Ola Matti Mathisen